

Modalen kommune
Ved Kjell Langeland

17/838 Rammeløyve gnr 76 bnr 103. Dispensasjon frå PBL og reguleringsløyveføresegn

Angående punkt om trafikktryggleik er me ikkje einige i vedtaket om dispensasjon fordi avkøyrsla er for nærmt kommunalt kryss. Det er uoversiktleg med mange avkøyrslar så nærmt kommunalt kryss.

Vegnormal N100:

Kryssløysningar:

Kryss der atkomstvegen endar ut i en veg med overordna funksjon bør utformast etter krav gjeve for den overordna vegen. Kryss utformast i samsvar med kapittel E.1.1 eller E.1.2.

Reguleringsføresegn

6.7 For offentlig veg tillet ein berre avkøyrslar som vist på planen

Reguleringsplanen viser berre sekundærveg som endar ut i primærveg. Primærvegen er regulert i reguleringsplan Mo – Otterstad. I reguleringsplan som omfattar tomt gbnr 76/103 skal avkøyrslar etablerast via regulert adkomstveg (sekundærveg i i byggjefeltet).

Argumentasjon for at avkøyrslar ikkje kan være der den er etablert:

- Avkøyrslar er etablert for nærmt kommunalt vegkryss. Dette gjer at kommunalt kryss vert meir uoversiktleg og trafikkfarleg. Risiko for påkøyrslar aukar når avkøyrslar vert etablert nær vegkryss. For vegkryss vert det stilt høgare krav enn for avkøyrslar til bustadar. (Når to offentlege vegar møtest vil ikkje dette være definert som avkøyrslar men som vegkryss, det same gjeld for gangveg som endar ut i offentlig køyreveg) Mellom 30 og 40 % av alle påkøyrslar som er rapportert inn til politiet skjer i kryss og avkøyrslar. Når avkøyrslar og kryss ligg for tett auker faren for påkøyrslar mellom køyretøy og mellom køyretøy og mjuke trafikantar. Med omsyn til trafikktryggleik langs kommunal veg bør avkøyrslar flyttast til sekundærveg.
- Avkøyrslar som etablert er i strid med reguleringsføresegn for feltet. Kommunal adkomstveg (sekundærveg) er regulert inn for å redusera talet på avkøyrslar til samlevegen (primærveg). Tomter som kan etablere avkøyrslar frå sekundærveg må gjere dette.
- Sekundærvegens hovudoppgåve er å redusere talet på avkøyrslar i primærvegen for å gjere denne vegen meir oversiktleg og trafikksikker.
- Avkøyrslar er etablert over regulert fortau. Avkøyrslar tek det meste av fortauet og utgjer ei trafikkfare for mjuke trafikantar som skal nytte fortau om dette vert bygd. Eigar av avkøyrslar må rygge over fortau for å komme ut i/ inn frå primærvegen. Avkøyrslar utgjer ei stor risiko for påkøyrslar av mjuke trafikantar som nyttar fortau som skuleveg og veg til leikeplass. Dette gjeld om fortauet ikkje er bygd og.

Me ynskjer at innkøyrslar skal flyttast.

Det er søkt om dispensasjon PBL. § 29-4 byggegrense og her seier tiltakshavar at dei kan flytte huset 1 meter mot sydaust dersom det er ynskjeleg. Det er ynskjeleg frå vår side.

Me ynskjer at de utdjupar fordelar og bakdelar med å gje løyve til dei ulike dispensasjonane, me ser kun fordel i søkjar sin favør. Me er ikkje so opptekne av om bygget har gode visuelle kvalitetar. Det vert teke lite omsyn til kringliggjande naboar i høve innsyn. Me ynskjer og at Plan- og bygningstyresmaktene og søkjar føretek ein befaring av tomta og bygningsplassering saman med oss som har merknader til søknaden om dispensasjon for å finne ein god løysing på saka.

Me vil understreke at me ikkje har noko mot at det vert bygd på tomta, men me reagerar på at Plan- og bygningstyresmaktene gjev løyve til så mange dispensasjonar frå reguleringsplanen, då dette vil ha presedens for ettertida og andre søkjarar. Kva er poenget med vedtekter i ein reguleringsplan om det er så lett å få innvilga dispensasjon?

Difor ynskjer me og at kravet om maks gesimshøgde vert halde.

Helsing naboar på Gnr. 76 Bnr.66, gnr. 76 bnr. 18, gnr. 76 bnr. 85, og gnr. 76 bnr.102